

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 07.11.2019
Tidspunkt: 17:00-18:25

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kari Foseid Aakre	Medlem	A
Svein Halleraker	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Jon Askeland	Leiar	SP
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Per Lerøy	Medlem	A
Geir Angeltveit	Medlem	V
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Hardeland	Per Lerøy	A
Jon Larsgård	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP
Einar Horvei	Marthe Hammer	SV
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Direktør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplanseksjonen
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen

Petter Lem Gullestad, spesialrådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 77/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 78/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 79/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 77/19	Serviceinjen - klage på vedtak om nedlegging	2018/14297	
PS 80/19	Innkømne spørsmål frå politikarane		
FO 19/19	Spørsmål frå Hammer - SV - Båtstrategi etter høyring	2019/10878	
FO 20/19	Spørsmål frå Hammer - SV - Rapportar på høyring frå Statens Vegvesen	2019/10878	
PS 81/19	Ymse		
PS 82/19	Løyveforvaltninga i Hordaland løyvedistrikt 2018	2019/11963	
PS 83/19	Namn på haldeplassar og tunnelar for Bybanen byggetrinn 4 Fyllingsdalen	2019/13219	

PS 77/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

PS 78/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Møteboka frå møte 05.09.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 79/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Referatsak RS 77/19 vart referert.

PS 80/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 19/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Båtstrategi etter høyring

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Representantane **Marthe Hammer og Einar Horvei (SV)** har stilt fylgjande spørsmål:

Båtstrategien for mogleg båt og hurtigbåtsamband mot Sotra har vore til handsaming i MISA våren 2019.

Denne vart sendt til høyring til aktuelle kommunar, næringsliv på Sotra og Øygarden.

Når kjem båtstrategien med tilhøyrande innspel frå kommunane tilbake som sak i MISA?

Fylkesrådmannen gav slikt svar:

Fylkesrådmannen kan opplysa at i tråd med vedtaket som vart fatta i utval for miljø og samferdsel 10.04.2019, er det gjennomført høyring av utgreiinga av mogleg ny båttrute Sotra – Bergen. Sak om resultat av høyringa er planlagt lagt fram til politisk handsaming. På grunn av ressursituasjonen er denne saka blitt utsett, men vil bli lagt fram i Hovudutval for samferdsel og mobilitet rett over nyttår.

FO 20/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Rapportar på høyring frå Statens Vegvesen

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slikt spørsmål:

Vi kan lese at Statens Vegvesen har lagt ut fleire rapportar til høyring som gjeld standard og fart på vegar rundt Bergen, til dømes E39 Vågsbotn – Klauvaneset.

Kan samferdsledirektøren gjera greie for kva for rapportar som nyleg er lagt ut til høyring frå Statens Vegvesen og som gjeld fart og standard for veisystem rundt Bergen? Når vert desse rapportane lagt fram for politisk orientering eller politisk handsaming i fylkeskommunen?

Svar på spørsmålet

Fylgjande utgreiing er sendt på høyring:

Utredning av fartsgrense 120 km/t på motorveger og Utredning av en smal 4-felts veg og standarder på vegger med ÅDT 6 000 – 20 000 [25.10.2019]

Sjå <https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/Offentlige-hoeringer/Hoering?key=2846703>

Kort om oppdraget

I brev datert 26. mars 2019 ba Samferdselsdepartementet Statens vegvesen om å vurdere smal 4-felts veg og standardar på vegar med årstdøgntrafikk (ADT) 6 000-20 000. Det skal og vurderast ein inndeling av standardar som er basert på fleksibilitet og prosjektspesifikke vurderingar.

Denne rapporten inneheld dei etterspurte vurderingane. Rapporten er utarbeida av Vegdirektoratet.

Nye Veier AS er bedt om å koma med innspel på alternative tverrprofiler for smal 4-felts veg. På grunn av knappe tidsrammer har Nye Veier AS bestemt å avventa med sine innspel til høringen.

PS 81/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Oversendingsforslag

I samband med referatsak RS 77/19 sette **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** fram slikt oversendingsforslag:

«Referatsaken vert sendt til gruppeleiarane i Vestland fylkeskommune samt det nye samferdselsutvalet»

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke utan realitetsbehandling.

PS 82/19 Løyveforvaltninga i Hordaland løyvedistrikt 2018

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek evalueringa av løyveforvaltninga i Hordaland 2018 til etterretning.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek evalueringa av løyveforvaltninga i Hordaland 2018 til etterretning.

PS 83/19 Namn på haldeplassar og tunnelar for Bybanen byggetrinn 4 Fyllingsdalen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplassar og tunnelar langs Bybanen byggetrinn 4:

Haldeplassar: Kaigaten, Nonneseter, Bystasjonen, Fløen, Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Kristianborg og Fyllingsdalen terminal.

Tunnelar: Åstادتunnelen, Kronstادتunnelen og Fyllingsdalstunnelen

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp og KrF fram slikt forslag:

«Endring:

Erstatt Haukeland sjukehus med Helseparken.»

Røysting

Bahus sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, KrF, 3 A, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart i det øvrige samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplassar og tunnelar langs Bybanen byggetrinn 4:

Haldeplassar: Kaigaten, Nonneseter, Bystasjonen, Fløen, Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Kristianborg og Fyllingsdalen terminal.

Tunnelar: Årstadtunnelen, Kronstadtunnelen og Fyllingsdalstunnelen